


ERFARINGAR REFLEKSJONAR

FORTELJINGA OM EIT GLØYMD TÅRN
Diplomoppgåve våren 2014
Gunnhild Tverdal



FORVENTNINGAR TIL EIT REELT PROSJEKT

Tankar frå forarbeidet



BYGGING

Det å velge ein diplom som forhold seg til så mange reelle faktorar kan vere risikabelt. Tverrfagleg samarbeid, økonomi, bærekraft, konstruksjon og detaljar vert plutseleg ikkje berre ord og konsept i ei prosjekteringsoppgåve, men verkelege problem som må løysast.

KVA VIL EG GJERE?

Eg vil bygge. Eg vil utfordre meg sjølv. Eg vil gjere noko samfunnsnyttig, noko som ikkje berre vert ei akademisk oppgåve i arkiva til eit universitet. Eg vil gje noko tilbake til heimstaden min, noko som kan bety noko for mange. Eg vil

utnytte friheita me har som arkitektstudentar før eg må bli vaksen. Gjennom å bevege meg ut frå teiknesalen, vekk frå universitetet og akademia og ut i samfunnet vil eg støte på problemstillingar eg ikkje klarar å sjå for meg. Men eg skal gjere det medan eg enno er student, i relativt trygge omgivelser og med god hjelp.

Eg trur at arkitektar, og serleg arkitektstudentar kan lære mykje av å bygge arkitekturen sin sjølv. Gjennom praktisk byggeerfaring har eg tidlegare kome borti nye utfordringar og begrensningar, både praktiske og økonomiske.

Eg har til og med oppdaga at desse begrensningane kan vere med på å gjere arkitekturen betre, fordi ein vert tvunge til å tenke nytt og kreativt.

Når det du teiknar skal byggast, betalast for og eksistere som del av samfunnet og naturen i mange år, må du ta hensyn til alt det du kan oversjå i ei teorioppgåve. Det er dette som fasinerar meg med slike prosjekt og det er ein viktig grunn for mitt valg av diplom.



PROBLEMELSTILLING INTENSJON

Er nyare industrihistorie verdt å ta vare på? Kan gløynde, gamle bygg verte viktige for mange?

Korleis kan me framheve kvalitetar i slike bygg og gje dei ny verdi?

Korleis kan eg gå fram for å realisere eit prosjekt frå ide til ferdig bygg med hensyn til budsjett, kundar, bærekraft og arkitektonisk kvalitet?

Eg vil at trafokiosken skal verte ein møteplass for turgåarar. Dette kan vere folk frå ulike samfunnslag, med ulik utdanning, bakgrunn og historie. Gamle og unge, norske og utanlandske. Bygget skal vere ope, enkelt og inviterande for alle som vil bruke det.

Ved å invitere brukarane til å kome med meiningar og innspel i planlegginga, og å invitere dei til å vere med på bygginga sjølv, håpar

eg at dei vil kjenne meir eigarskap til det ferdige bygget. Håpet er at bygget skal oppfattast som ein naturleg del av fjellet og eit populært turmål. Her er det rom for tilfeldige møter, samtalar og einsame tankar.

MOGLEGHEITSSTUDIA


Kva må til for å få eit prosjekt på beina?

Før eg turde å håpe på ei gjennomføring av ideen eg og far min har hatt i fleire år var det mykje som måtte undersøkast. Først måtte eg be om løyve frå kommunen. Sidan dette var LNF-område måtte eg kanskje til og med ha løyve frå fylkeskommunen. Eg ville og forsikre meg om at det ikkje berre var eg som syns dette var ein god ide, men at andre turgårar trudde på ideen og meinte dette bygget ville verte brukt og ønska velkommen. For å dessutan ha ein god samarbeidspartner gjennom planlegginga, bygginga og vedlikehaldet av tårnet til slutt, tok eg kontakt med Stord-Fitjar Turlag. Dei kunne representere brukarane og få uttale seg om ideen

og designet og eg hadde i bakhovudet at ein søknad til kommune og fylkeskommune ville stå sterkare dersom turlaget var med og søkte.

Noko av det første eg gjorde var å ta turen til Stovegolvet med kamera og måleband. Eg ville kartlegge situasjonen på fjellet så godt som mogleg, sjølv om eg hadde vore der mange gonger før. Eg målte opp bygget, avstanden til klatrehytta og kartla viktige terrengtrekk rundt bygga. Når eg seinare gravde fram dei gamle byggeteikningane frå arkiva til SKL såg eg at måla eg hadde teke stemde godt og at bygget var bygga presist.

KUNNSKAP OG BEGRENSINGAR
Sommaren 2013 var det mykje som foregjeikk. Eg vart kasta ut i ei verd eg aldri hadde vore i før, der eg først og fremst skulle tenke løyve og budsjett. Som arkitektstudent er det heilt andre ting som står i fokus, og sjølv om det innimellom vert nevnt at ein bør velde rimelegare materiale eller standarddimensjonar så vert det ikkje vektlagd når oppgåvene vert vurdert. Det viktige er å lage gode situasjonar, fine rom og fungerande overgangar mellom soner. Som arkitektstudent syns eg dette er greitt, men når ein nærmar seg slutten av studiet bør ein verte utfordra til å tenke over fleire faktorar.



SØKNADAR

Når det gjeld søkinga var det berre å setje seg inn i alle instansar, skjema og dispensasjonsmoglegheiter. Situasjonen på fjellet er unik og difor såg eg fort at eg måtte be om dispensasjon for forbodet mot bygging i LNF-område og enkelte punkt i TEK10. Bygget ville ikkje verte universelt utforma, og ei eventuell trapp måtte bli brattare enn anbefalt, men dette burde ikkje vere noko problem sidan dei som skulle besøke bygget tross alt måtte bestige eit fjell for å kome til det. Alle som kjem seg til Stovegolvet vil kome seg opp ei litt bratt trapp utan repos.

Eg lerte følgeleg mykje

om krava i TEK10 og om reguleringsplanar generelt og dei som gjaldt for kommunen. Eg lerte om byggemåtar og materialbruk som var vanleg på 50-talet. Eg lerte kor mykje tid ein kan spare ved å ta ein telefon til rett vedkommande og at det ikkje er farleg å ringe rundt litt å leite etter han. Når eg lurte på rømningsveg og krav til ildstad fekk eg gode svar av brannsjefen. Når eg trong bekreftelse på at tårnet var i god stand tok eg med meg to bygningsingeniørar, ein ansett i SKL og ein mogleg leverandør av materiale, på fjelltur. Når eg hadde spørsmål om utfylling av byggesøknadar, søknadar om ansvarsrett og

dispensasjonar kunne ulike folk i kommunen hjelpe meg.

Nesten alle eg tok kontakt med var positive og interesserte i prosjektet og var villige til å hjelpe. Eg lerte raskt å ordlegge meg på ein ryddig og presis måte. Eg trong raske svar, og då gjaldt det å gje mest mogleg informasjon på ein kort og konsis måte for å unngå missforståelsar og for ikkje å kaste vekk andre si arbeidstid. Som student treng me ikkje å tenke like mykje på effektivitet, men med det same ein skal jobbe med folk i arbeidslivet må ein ha respekt for deira tid og framgangen i prosjektet du held på med.

BUDSJETT

Når det gjaldt budsjettet var det ikkje lett å vite korleis eg skulle gå fram. Kor nøyaktige skulle eg vere? Ville det vere lurt å overbudsjettere så ein veit ein kjem i mål, eller underbudsjettere så ein får prosjektet i gong, og heller ta konsekvensen av budsjettsprekk eller nedskjeringar seinare? Og korleis jobbar folk som lagar budsjett til byggeprosjekt? Skriv dei ned prisen på kva ein spiker eller jobbar dei med gjenomsnittsprisar per kvadratmeter isolert, panelkledd innervegg?

Det eg endte opp med var eit slags kompromiss. Det viktigaste var dei største utgiftene, og desse la lista for nøyaktigheitskravet. Når nokon komponentar kostar titalls tusen er det ikkje like viktig med

kvar skrue og spiker. Eg bestemte meg for å heller overbudsjettere ved å runde opp der eg var usikker, og håpte at ærlighet ville vare lengst overfor kunden. Eg samla inn tilbod frå ulike leverandørar av materiale og utstyr og valde den som gav oss gode prisar og service og som kunne tilby alt frå treverk til murpuss, vindauge, ildstad og handtverkarar.

LEVERANDØRAR

Å vere i møte med desse ulike leverandørane var og ei god erfaring å ha. Eg måtte både halde på designideen min og vere open for rimelegare, enklare eller meir haldbare alternativ. Eg fann og ut at eg ikkje kunne stole på at personen eg snakka med vil det beste for prosjektet og budsjettet mitt. Eit par gonger merka eg at dei var meir opptekne av at eg skal kjøpe dyrare materiale og gå for løysingar som ville kreve fleire timar med profesjonelle handtverkarar.

For å vere sikker på om eit dyrt materiale er betre enn eit rimelegare bør ein heller snakke med uavhengige handtverkarar eller ingeniørar. Desse hadde eg heldigvis eit par av i SKL.



KUNDEN

Medan eg jobba med budsjettet hadde eg god dialog med SKL om kva som skulle vere med, kva som var viktig og ikkje. Dei var einige i at det skulle brukast robuste, haldbare materiale. Sidan bygget står utanfor allfarveg og ikkje vil bli kontrollert regelmessig skulle det heller vere overdimensjonert og bygga med pålitelege materiale. I tillegg er det vanskeleg og potensielt dyrt å drive med mykje vedlikehald og store reparasjonar på fjellet.

Eg undersøkte kva SKL alt hadde av verktøy og utstyr, samt kva kompetanse dei hadde i firmaet for å spare pengar. Til slutt landa me på eit budsjett som alle var nøgd med, og som låg på under halvparten av det det ville koste å rive han, dersom mykje av arbeidet vert gjort på dugnad.

BRUKARANE

Dei eg møtte frå turlaget var veldig entusiastiske frå første stund. Dei ville bidra med det dei kunne av arbeidskraft og pengar, men det viktigaste for meg var at dei og ville bevare tårnet og ikkje bad oss om å rive det. Det kunne jo tenkast at dei som vandrer i fjellet hadde irritert seg over dette bygget som ikkje passa inn og at dei berre ville ha det vekk. I staden såg dei det heldigvis som eit godt tiltak og verka takksame for at me ville gjere dette for turgåarane i kommunen.

Medlemma i klatreklubben har og vore veldig positive og hjelpsame og har fått ekstra motivasjon til å pusse opp hytta no når dei får frakthjelp av kraftlaget. Mykje godt kan kome ut av samarbeid dersom ein tørr å spørre om og tilby hjelp.

KOMMUNEN

Eg veit at søknadsprosessar kan ta lang tid, og ein kan vere uheldig med dei som tek avgjeringa. Eg passa på å invitere rett person frå kommunen til å presentere prosjektet for først. Sylve Rusten, ansvarleg for natur og friluftsliv i Stord Kommune har rykte på seg for å vere fornuftig, hjelpsam og oppriktig interessert i å motivere folk til å vere i aktivitet. Han var like positiv som oss og turlaget til eit tiltak som ville vere ope for alle og freiste folk til å vere ute. Han lova å hjelpe oss med å utforme søknadar om økonimosk støtte frå ulike instansar.

Desse møtene med kunde, brukarar og kommunen viste meg kor langt ein kan kome ved å snakke med dei rette folka. Eg fekk god erfaring med å presentere tankane mine for andre enn arkitektfaglege og såg fort kva problemstillingar dei var interesserte i og opptekne av. Innimellom oppstod det kanskje ord og uttrykk der me misforstod kvarandre, men me fann fort fram til eit felles fagspråk.

FOLK I GATA

Eg vart overraska over kor fort planane spreidde seg rundt til folk på øya. Eit par ord i lokalavisene om dei første ideane var nok til å skape diskusjonar og engasjement. Alle verka positive og overraska over initiativet, og mange tok seg nok ein tur til fjells for å sjå kva bygg det var snakk om. I mitt tilfelle var pressa eit velkomment hjelpemiddel for å lodde stemninga blandt dei lokale, men hadde og eit potensiale til å rekruttere dugnadsfolk etter kvart.

TOMTA OG TÅRNET

Det eg ikkje visste om tårnet og området måtte eg og finne ut i løpet av hausten. Oppmålingane måtte samlast i nye teikningar, verdata måtte samlast inn og eg jobba med å finne gode kart med rette koter. Det meste var tilgjengeleg på nettet, men det finst ikkje verdata for fjelet på Stord. Då fann eg dei nærmaste verstasjonane og kunne forholde meg til dei når det gjaldt hovudvindretingar og nedbør. Temperaturen kan ein alltid anta er nokre grader kaldare på fjellet, og vinden har få hindringar.



FOTO: OLAV RØLI

Nytt liv i gammel betong

Asbjørn og Gunnhild Tverdal vil byggja om den gamle trafokiosken på Stovegolvet til pausebu, med vindauge, benker, vedovn

og terrasse. Stord/Fitjar Turlag trur bygget kan verta ein ny attraksjon på Stord, og at fleire no vil finna vegen ut i naturen.



FORARBEIDET

Korleis blei prosjettet ein diplom?

KVA, KORLEIS, KVIFOR?

Hausten gjekk mykje med til å finne ut om eg ville ha prosjektet som diplomoppgåve. Eg visste at eg ville gjennomføre det, men ikkje korleis og i kva setting. Var oppgåva stor nok til å vere diplom? Var den relevant nok? Ville eg få tid til å bygge i løpet av diplomtida eller ville oppgåva verte meir eller mindre teoretisk til slutt?

Eg reflekterte mykje over kvifor oppgåva interesserte meg. Kvifor bygget hadde interessert meg så lenge. Kva var det med gløynde gamle bygg som gjorde at folk vart interesserte? Dei kunne ikkje vere verdilause og ubrukelege dersom turgåarar heile tida måtte bort og sjå i dei og undre seg over dei.

Jo meir eg tenkte over alle aspekta ved oppgåva jo meir fekk eg lyst til å ha prosjektet som diplom. Eg ville diskutere kvalitet og verdi. Eg ville gje noko tilbake til heimstaden min, til fjellet som har betydd så mykje for meg og så mange andre. Eg ville og skape interesse for naturen og aktivitet og minne folk på kor fint det er å vere ute.

Til slutt bestemte eg meg. Eg snakka med potensielle veiledarar og fekk støtte for valg av diplomprosjekt. Dei var og litt advarande og sa det ville bli mykje arbeid og annleis enn det eg er vant til. Det tok eg berre som ekstra motivasjon og byrja å sette dei viktigaste premissa for oppgåva.

PREMISS

Å byrje på eit reelt prosjekt krever tid og energi. Ein treng god motivasjon, og gjerne fleire gode grunnar til å gjere det. For meg var det nyttig å skrive opp grunnane eg hadde og ha dei synlege og klare frå byrjinga. Kva tårnet skulle bli til slutt, korleis eg skulle få det til og kven som skulle inkluderast var utgangspunktet for reglane eg laga for meg sjølv.

Oppgåva var jo på ein måte veldig fri, på andre måtar konkret og bestemt. For nokre aspekt var absolutt begrensande. Prosjektet skulle faktisk byggast, helst innanfor eit år og i løpet av diplomhalvåret. Tomta låg på toppen av eit fjell og eg hadde eit konkret budsjett og ein



kunde som skulle betala.

Dei viktigaste premissa var og dei mest sjølvsegte. Eg skulle oppfylle krava til kunden. Eg skulle inkludere brukarane i designprosessen og bygginga. Bygginga skulle vere trygg og utan å skade naturen. Og eg skulle gje eit gløymd tårn nytt verdi.

Samarbeidet med turlaget var og viktig for meir konkrete premiss for utforminga. Dei ville ha varme, utsikt og sitteplassar. Det skulle vere ope for alle og i det store og det heile inspirere fleire til å bruke fjellet.











KVIFOR MEG?

Ei slik oppgåve er ikkje typisk. Grunnen er nok at det kan vere vanskeleg å sjå moglegheitene til å setje i gong. Likevel følte eg meg forberedt på utfordringa. Eg hadde over fire år med arkitektutdanning og såg ikkje på designet som eit problem. Av natur er eg logisk og fornuftig og har god økonomisk sans. Eg er oppteken av å undersøke og tilegne meg kunnskap og er ikkje redd for å be om hjelp. Og eg visste at mange ville kunne hjelpe meg.

Som arkitektstudent har me lært mykje om å fullføre eit prosjekt frå byrjing til endes. Me kan sjå dei store linjene så vel som dei små detaljane. Med ei genuin interesse for eit prosjekt gjer det ikkje noko om det tek mykje tid. Me er vant

til å skape ting, å bygge ting med eigne hender, om enn i ein ganske annan skala.

Det hjalp og godt å ha ein far som var like interessert i prosjektet som meg sjølv. Han jobba i tillegg for kunden og blei eit verdfullt bindeledd i løpet av hausten.



DESIGNPROSESSEN

Korleis skulle bygget sjå ut til slutt?

DESIGNPROSESSEN

Ein viktig del av prosjektet var sjølv sagt å finne ut korleis bygget skulle sjå ut til slutt. Før eg byrja på dette ville eg setje meg litt inn i liknande prosjekt som er bygga, og forstå staden og bygget betre. Heilt i starten av semesteret drog eg på studietur til Skrova i Lofoten og såg på ein ombygga oljetank. Seinare utfordra eg meg sjølv og tårnet ved å bruke det som overnattingsstad ei kald vinternatt. Eg snakka med brukarane og hadde premissa frå forarbeidet friskt i minnet.



OLJETANKEN

Det å transformere gamle industribygg er krevande og for spesielt interesserte. Men resultatet vert heilt unikt og tilpassa bygget og personen som har stått for arbeidet. Eg fekk tips om eit prosjekt på Skrova som viste seg å ha mange likheitstrekk med trafokiosken på Stovegolvet og bestemte meg for å besøke det.

Det vart eit unikt møte med nordnorge om vinteren, eit lite intimt lokalsamfunn og eit fantastisk lite bygg. Tanken har mange av dei same utfordringane som



tårnet. Dei er begge lite tilgjengelege både som byggeplass og for besøk. Dei står utsett til i naturen og må tole store påkjenningar frå ver og vind. Bygginga må spesialtilpassast og kvalitetar takast vare på. I tanken er det gjort overbevisande og ærlig, og tanken har fått hovudrolla i det ferdige bygget.




FORSTÅ STADEN

Eg kjenner Stovegolvet godt og har generelt gått mykje i fjellet. Men kor mykje må eigentleg til for å gjere tårnet til ein stad folk vil besøke? For å finne ut meir om behova bestemte eg meg for å bruke tårnet som overnattingsstad og mål for ein tur som skule vare litt lenger. Eg lærte mykje av januarnatta i tårnet. For det første opplevde eg på beste måte kor lite som skulde til før eg hadde hatt det mykje meir behageleg. Eit heilt tett, lunt bygg utan trekk hadde gjort mykje. Litt tre å sitje/ligge på hadde spart meg

for mykje kuldestråling frå betongen. Eit vindauge eller to hadde gjeve verdfullt lys, eg kunne ha fulgt med på veret og på om nokon andre kom forbi. Og ei varmekjelde hadde gjort det direkte behageleg, sjølv i januar.

For det andre såg eg at folk faktisk bruker fjellet om vinteren og. Det er ikkje berre galningar som meg og far min som går opp i det kalde, mørke fjellet. Medan eg laga meg middag i tårnet gjekk plutseleg to personar forbi med hovudlykter imørket. Dei stoppa for ein liten prat og syns nok eg

var småsprø som hadde tenkt å bli der heile natta. Men dei sa at dei gledde seg til resultatet og lovde at dei skulle gjere det same om eit år, når tårnet står ferdig! Eg trur verkeleg det er marknad for eit bygg som gjer fjellet meir tilgjengeleg om vinteren. Trikset vert å gjere bygget til ein turistattraksjon i seg sjølv, og det vert ikkje vanskeleg med alle dei kvalitetane som fins her.



HOVUDGREP

Eg har heile tida hatt eit mål om å lage ein enkel stad for turgåarar. Det kan godt vere primitivt, materiala treng ikkje pyntast på. Eg vil at tårnet skal fortsette å vere lett tilnærmeleg, lett å bruke og lett å forlate. Å designe enkelt er alt anna enn lett. Heile tida måtte eg kjempe mot kompliserte konstruksjonar og store, unødvendige grep eg trudde eg trong. Ein liten del av meg tenkte nok at fordi bygget var så lite så måtte det noko nytt og nytenkande, merkeleg og unikt inn i det. Både for

å gjere opplevinga ekstra spennande og oppgåva stor nok.

Eg hang opp lappar og bilete overalt rundt meg. Dei skulle minne meg på enkelheita og på kvalitetane til tårnet. Dette var det eg ville fokusere på og fleire gonger måtte veiledaren peike på det eg sjølv hadde sagt. Å bygge enkelt ville dessutan gjere byggearbeidet mykje enklare, meir forståeleg og rimelegare.

DESIGN FOR 80% AV BRUKEN
Noko anna eg lærte var at eg ikkje trong lage plass til alt. Det er umogleg å designe bygg som er perfekte for alle, som dekkjer alle behov, serleg i eit lite bygg på ein fjelltopp. Sjølv i store prosjekt må ein dimensjonere for 80% av bruken for ikkje å sløse med pengar og ressursar. Eg bestemte meg for at det meste av bruken ville vere relativt korte besøk i tårnet. Dette la føringar for programmet. Eg ville gjere det mogleg å bruke bygget i korte tidsrom. Anten du vil ete matpakka

i le for vinden eller har
lagt opp til å varme kakao
og marsmallows til ungane
er bygget stort nok. Dersom
du kjem i nød og treng ro og
varme er det ei trygg havn.
Og om du vil eller treng det
er det fleire stader du kan
strekke deg ut og overnatte.

FORSTÅ BRUKARANE

På eit tidspunkt handla
prosjektet om dobbelkrumme
former i tre som skulle
byggast på dugnad. Dei runde
formene appelerte til meg
som ein kontrast til det
strengte, geometriske tårnet,
men gjekk imot mykje av dei
andre kvalitetane eg var ute
etter. Den runde hula vart
dominerande og altoppslukande.
Eg merka at brukarane og
kunden syns forslaget var
kult, men eg merka og at
dei trakk seg litt unna.
Dei forstod det ikkje heilt,
korleis me skulle klare å
bygge det, kvifor det såg
akkurat slik ut.

Eg syns arkitekturen var
blitt overlegen og oppførte
seg som om den var viktigare
enn brukarane og historia
til det opprinnelege bygget.
Eg trur eg klarte å tolke
det kunden og brukarane
meinte når dei var litt for
usikre til å stille spørsmål
ved designet. Eg lærte mykje
av å vekeleg tenke gjennom
kva som var viktig for meg,
for dei og for bygget. Eg
gjekk for noko enklare,
tydelegare og meir knytta
til tårnet.

VAL AV MATERIALE

Eg ville framheve tårnet sine røffe kvalitetar ved å bruke treverk som tilført konstruksjon. Treet skulle vere robust og ærleg og ta seg av både konstruksjon og funksjon.

Eg var innom fleire alternative materiale å bruke i tillegg til treverk. Stein frå staden kunne integrerast som termisk masse rundt omnen og glasbyggerstein kunne fyllast i ventilasjonahola i veggene for å sleppe inn lys. Igjen hugsa eg på enkelheita og slo fast at alt som skule tilførast skule vere tre, og at det var like greitt å utnytte utsikta der den var. Termisk masse er det meir enn nok av i bygget og

det var ikkje noko å strebe etter.

HOLD PÅ DET SOM ER VIKTIG

Eg bestemte meg for ei tredeling av prosjektet som enkel oppdeling av bygg og program. Ei praktisk bevegelsessone som skule vere det første ein kom til, der ein kunne kle av seg og stige opp i tårnet. Her ville eg ha heile høgda til bygget, framheve vertikaliteten og vise glimt av dei andre kvalitetane i tårnet. I den varme hula skule det vere mykje treverk, eit lukka rom og varmekjelde. Her ville eg berre beholde dei eksisterande opningane for å halde det nokolunde lunt. For ekstra utsikt fanst andreetasjen. Der skule det

vere lyst og luftig.

Denne tredelinga var enkel og eg syns den bandt bygget og programmet saman på ein logisk måte. Fleire gonger måtte eg passe på å ikkje gjere ting som braut for mykje med desse grepa. Kunden blei til dømes til tider svært oppteken av den fine utsikta og at den burde vere synleg over alt i bygget. Dei ville ha eit stort vindauge i hula på veggene mot fjorden. Dette vindauget ville gjere rommet mykje kjøligare og mindre intimt. I staden ville eg bruke dei eksisterande opningane for å gje karakteristiske utsikter av nye utsikter. Av fjell, sti og mose.



ERFARINGAR FRÅ EIN BYGGEPLASS

13 små tips til deg som vil bygge



PLANLEGG!

Tenk gjennom så mykje du klarar på forhånd. Detaljar er viktige og binder det heile saman. Korleis skal ein bjeølke møte ei søyle? Korleis skal vindauga sjå ut, og korleis skal dei ligge i veggene? Tenk over alt du kan. Då kan du svare når nokon spør, og de har eit utgangspunkt for diskusjonen om kva som er best. For meininga er ikkje å bruke den første og beste løysinga du kom på, men at detaljen ikkje skal verte gløymd.

IKKJE ALT KAN PLANLEGGAST

Alle veit det, men du må nesten stå midt oppi det for å skjønne kopnsekvansane. Ikkje alt kan planleggast. Leverandøren kan ha levert for korte boltar. Dei kan ha levert søylesko i staden for bjelkesko. Snora på agregatet kan ryke midt oppå fjellet og ein kan gå tom for bensin. Mykje av dette kan kanskje unngåast med god planlegging, oppfølging og masing, men det skal noko til å tenke på alt. Og det fins og ting ein ikkje kan forutsjå.

Som at ein av dei som jobber dugnad sklir på fjellet og slår hovudet. Som at betongveggane er to cm. tjukkare oppe enn nede og vinkelsliparen ikkje klarar å kutte gjennom. Eller at du plutseleg må bruke ein heil dag på å lage nye teikningar og gå i møte med kommunen.

VER FLEKSIBEL

Planlegg så mykje som mogleg, men ver fleksibel og mottakeleg for nye forslag. Ver klar over din eigen kompetanse og husk at det er mykje du ikkje kan. Mange av dei du har med deg har jobba med verktøy og bygging eit langt liv. Nokre detaljar kan vere mykje enklare å bygge utan at resultatet vert mykje annleis.

Samstundes må du lære deg kven du kan stole på og når forslaga som kjem er grunna i latskap eller vane og eigentleg ikkje er så mykje betre enn dine. Er ein detalj viktig for uttrykket kan den dessutan godt ta litt lenger tid å bygge, eller vere litt dyrare. Det handlar om prioriteringar.

HA SJØLVTILLIT

Husk at du faktisk har nærmare fem års utdanning i faget ditt. Du kan mykje og meiningane dine er truleg minst like gode som andre sine. Du er dessutan kanskje den einaste involverte som har arkitektfagleg kompetanse, og det er du som kjenner prosjektet desidert best. Du har best forutsetning for å sjå heile samanhengen i prosjektet og veit kva som er viktig og kvifor. Dersom du har med deg arkitektstudentar som medhjelparar er det kanskje annleis, men eg hadde berre folk med annan kompetanse.

Ha trua på faget ditt og husk kva du som arkitekt bidrar med!

BEGYNN Å BYGGE!

Uansett kor mykje du har planlagt, uansett kor nøyaktig du har målt opp kan det vere forferdeleg vanskeleg å byrje å skjere i betongen. Det kjennes så uoppretteleg, så bastant, så endeleg. Men det må byrjast på og du har eit tidsskjema å halde.

Dette opplevde eg mange gonger på byggplassen, men det vart lettare for kvar gong. Eg måtte heile tida stole på meg sjølv når noko nytt stort skulle gjerast. Hopp i det. Begynn å bygge. Kanskje gjer du feil, men det er betre enn å gjere ingenting. Då blir du aldri ferdig, og ingen gidder å bli med neste gong viss det ikkje er framgong.



NYT PAUSANE

Det vil bli venting på ting du ikkje kan kontrollere, avhengig av leveransar, folk og ver. Ikkje bli frustrert, men nyt pausen og drikk SOLO.

LA ALLE BIDRA

Det er viktig at dei som møter opp får kjenne at dei bidrar og er viktige. Følg med på at alle har noko å gjere som kjenner meningsfullt og ikkje la nokon gjere tungt eller einsformig arbeid for lenge. Av og til er det viktigare at alle får vere med enn at alt vert perfekt.

VER TYDELEG

Ting går av seg sjølv dersom dei som jobbar får gode instruksar og tillit. Vis at du stoler på dei, men ver samstundes klar på kva du vil ha gjort. Då kan du godt la dei halde på i fred ei stund og ikkje stresse dei ved å følge med på at alt vert gjort hundre prosent perfekt.

HA DET GØY

Eg hadde heile tida fokus på å halde stemninga oppe på byggeplassen. Dette var dagnad og det skulle vere gøy og sosialt samtidig som me fekk gjort ting.

FINN ARBEIDSLEIARAR

Nokre er ledarar av natur og dette kan du benytte deg av. Ver oppmerksam og sjå etter dei som tek initiativ, stiller spørsmål og forklarar for andre. Bruk dei som bindeledd mellom deg og dei andre i gruppa. Vis dei litt ekstra tillit og la dei fordele arbeidsoppgåver vidare.

Serleg dersom du er aleine om planlegginga og delegeringa er desse menneska verdfulle. Dei vert og litt ekstra motivert til å møte opp oftare, og kan dermed få med seg flyten i arbeidet.



IKKJE TRU AT DU SKAL BYGGE
Byggeperioden bestod i mykje
anna enn bygging for min
del. Eg planla, tilrettela,
delegerte, passa på, svarte
på spørsmål, motiverte,
sikra dokumenterte og
observerte. Deretter
evaluerte eg, og prøvde å
få det nokolunde ned i denne
dagboka.

VIS ENTUSIASME
Vis at prosjektet er viktig
for deg, vis at du har det
artig og vis at du likar
utfordringar. Vis og at
du set pris på meiningar
og forslag. Entusiasme og
positivitet smittar!

BLI GLAD I ROT
Rot betyr at mykje arbeid
har blitt gjort, mykje
verktøy er blitt brukt og
mykje folk har vore med og
rota i systemet ditt. Rot
er framgong og flyt!

DIPLOMHALVÅRET

Oppsummering, refleksjon og vurderingar



FORTELJINGA

Forteljinga om eit gløymd tårn er ikkje over når eg no leverer eit ferdig diplomarbeid. Den vil heller ikkje vere over når me arrangerer opningsfest på Stovegolvet i august, men vil fortsette så lenge tårnet står der. Den starta heller ikkje dette semesteret, men for nesten 60 år sidan. Ho er ikkje spesielt viktig i verdssamanheng og tårnet i seg sjølv hadde kanskje ikkje blitt sakna om det hadde vore rive.

Forteljinga handlar om potensiale. Den handler om å utnytte situasjonar og

moglegheiter som har vorte til etter kvart som tida går. Den handlar om gløymde bygg og vil på den måten kanskje aldri ta slutt. Den er eit forsøk på å rette merksemda mot bygg som har blitt aleine.

Eg håpar forteljinga vert utdatert snart. Eg håpar at me går mot ei tid der me bruker meir av det me har, byggjer smartare og prioriterer rett. Prosjektet på Stovegolvet er eit lite ledd i denne rørsla mot ei betre verd, men det viktigaste tårnet skal gjere er å invitere til å bruke naturen. Dersom fleire vel å gå tur til

Stovegolvet saman med familie og venner sidan dei har noko konkret å besøke har eg lukkast. Dersom dei helser på ukjende i fjellet, deler på sitteplassane, diskuterer bygget som eit felles samtaleemne er det enno betre. Då har nordmenn framleis ein stad dei kan vere opne og inviterande; fjellet.

DRIFTA

Tårnet skal bli ferdig i løpet av sommaren og opna for alle så snart som mogleg. Men det vil ikkje stoppe der. Tårnet skal vere tilpasningsdyktig og må brukast før ein kan sjå kva som manglar. Eg vil samle



meiningar frå dei besøkande i ei hyttebok og håpar folk vil bruke den. Ein gong i året kan samarbeidet med kraftlaget og turlaget takast opp att for å diskutere vedlikehald og eventuelle endringar/oppgraderingar. Turlaget har allereie laga ei gruppe som skal ha ei særskild oppfølging av bygget og halde det ryddig året rundt.

TÅRNET

Tårnet har fått ny verdi. Det er tydeleg når folk samlar seg og samarbeidar for å redde det. Litt rart, syns nok nokon, når det i utgangspunktet berre var eit bygg som skulle

huse ein trafo. Det skulle vere akkurat stort nok til trafoen og sterkt nok til å beskytte han. Det skulle gje reparatørar tilgong og måtte ha to dørar. Ingenting meir. No, plutseleg, er det så mykje meir, og likevel det same. Det er ikkje store endringar som er gjort, men stemninga har endra seg. Så snart eit par personar bestemte seg for at det er verdfullt fekk det verdi og kvalitetane vart synlege.

Eg har hatt store forventningar til dette gamle tårnet. Det skulle representere lokal industrihistorie, bærekraftig gjenbruk og makte den store oppgåva å

aktivisere folk som vert stadig meir inaktive. Det må vere lov å tenke stort når ein er ung arkitektstudent som enno ikkje har møtt den kalde verda. No etter bygginga kunne eg sagt at eg har innsett at eg har vore naiv og overoptimistisk, men det vil eg ikkje. Eg vel å sjå på alt det positive, for sjølv om det var utfordrande har eg allereie lukkast med noko. Eg har fått 27 personar til å bruke fritida si på å gå på fjelltur, traske rundt i allsags ver og vere bygningsarbeidarar på eit merkeleg lite betongtårn. Dei har møtt nye folk, snakka om naturopplevsar, prøvd nye

ting. Dei har vore med på å sleppe lyset inn i tårnet, pussa vekk rusten og kanskje tenkt ein tanke eller to om ressursutnytting, historie, naturvern og arkitektur.

Det har vore ei absurd oppleving, både for meg og dei, og me treng alle litt uvante situasjonar i kvardagen. Det er det tårnet skal bli. Eit kvardagsleg, underleg turmål som tilhøyrer alle.

DIPLOMEN

Diplomarbeidet presenterer situasjonen, prosessen og byggearbeidet som har skjedd og det som skal skje, men det viktigaste med oppgåva mi er utforskinga av moglegheitane me har som arkitektstudentar. Moglegheitar til læring, leing, samarbeid og gjennomføring. Eg ville utforske, utfordre og

diskutere kva arkitektstudentar kan, kva me lærer og ikkje.

Eg trur alle arkitektstudentar har godt av å prøve seg på eit liknande prosjekt, eller ei simulering av det. Å verte utfordra til å tenke på alt, designe ut frå verkelege krav, å forstå andre fagfelt og tverrfagleg samarbeid. Det kan vere frustrerende og slitsamt, men det er verkelegheita og for meg har det i seg sjølv vore motivasjon. Eg ville vise at eg hadde nok kunnskap, nok utdanning, nok evne til å ta imot hjelp til å fullføre noko i verkelegheita.

Eg fann eit lite tårn, eit ubetydeleg bygg på ei vakker tomt. Eg sa at det skulle bli diplomarbeidet mitt. Ved å gjere det fekk det enorm betydning og verdi.

Så enkelt var det. Eg håpar oppgåva mi kan inspirere andre til å gjere liknande prosjekt, vise at det går an og at det ikkje er noko å vere nervøs for, slik eg var. Eg var redd for at oppgåva var for lita fordi bygget var lite. Eg var redd for at noko kunne gå gale som ville føre til at eg ikkje fekk starta bygginga i løpet av diplomtida. Det hadde blitt ei diplomoppgåve uansett men eg er glad eg fekk bygge for det set oppgåva i eit heilt nytt lys for meg. Det går ikkje an å forestille seg den lærdommen som oppstår på byggeplassen.

Eg skal ikkje seie at tårnet i seg sjølv er så viktig, men problemstillingane og historia bak denne diplomen er viktige og bør reflekterast over av fleire.



TAKK TIL

Eg vil takke alle som har vore positive til ideen og prosjektet. Alle frå Stord som har vore interessert, alle på NTNU som har vore støttande og hjelpsame.

Ein spesiell takk til

Asbjørn Tverdal,
far og ansatt i Sunnhordland Kraftlag, for søndagsturar i oppveksta, initierande ide om prosjektet og engasjement. Diskusjonar på byggeplassen og gode meiningar.

Svein Egil Heimvik,
bygningingeniør, Sunnhordland Kraftlag, for fjellturar til Stovegolvet, befaring, hjelp til konstruksjon og byggemåtar.

Astrid Larsen,
leiar i Stord-Fitjar turlag fram til februar 2014 for engasjement, innspel og gode idear. Uvurderlig hjelp med rekruttering av dugnadsarbeidarar.

Gerda Øen
leiar i turlaget etter februar 2014 for strålende positivitet, sjampagne og norsk flagg.

Vidar Vedå,
leiar i Stord Tinde- og Klatreklubb, for gode tips til versikring og material, samt tilbod om å bruke klatrehytta som varmestove.

Sylve Rusten,
Idrettsfagleg rådgjevar, Stord Kommune for positivitet og tips.

Takk til Stordnytt og Bladet Sunnhordland for god omtale, reklame og til tider informasjon om status i byggesøknadar.

Steffen Wellinger, veileidar som fleire gonger fekk meg tilbake på rett veg

Andreas Gjertsen og Yashar Hanstad (TYIN Tegnesteue), biveileदारar med praktisk kunnskap og råd om bygging

Viktoria Fjellbekk, meddiplomstudent for diskusjonar og oppmuntring.



Tusen takk til alle som har
vore med på byggeplassen så
langt

Odd Lars, Kurt, Stein,
Aslaug, Torill, Astrid,
Arne, Julia, Jan Ove, **Wenke**,
Gerda, **Asbjørn**, Vegar, Svein
Egil, Jakob, Otto, **Terje**,
Reidar, Thoralf, **Bjørn**,
Engeviken, **Martin**, Anne
Kristin, Birger, Svein, Liv,
Vebjørn og Lena.

..og til alle som vil vere
med på ferdigstillinga i
sommar!



